



Daniel Patryk Sobieraj
Naustvegen 18
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3960 - 18/1323

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
15.01.2018

Ferdigattest - gbnr 196/170 Midtgård

Administrativt vedtak. Saknr: 013/18

Tiltakshavar: Daniel Patryk Sobieraj

Ansvarleg søkjar: Ing Taule As

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.03.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.12.2017.

Skildring

| | |
|-----------------|--|
| Adresse: | Midtgardshøgda 26 |
| Bygningstiltak: | Einebustad |
| Bygningsnummer: | 300643491 |
| Bruksareal: | 153,5 m ² BRA, 142 m ² BYA |
| Avlaup: | Offentleg |
| Vatn: | Offentleg |
| Tal på røykløp: | 1 |

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad på gbnr 196/170. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3960

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Daniel Patryk Sobieraj
Ing Taule As

Naustvegen 18 5136
Kvassnesvegen 33 5914

MJØLKERÅEN
ISDALSTØ